

# BYSOSIALISME FOR FRAMTIDA

**Programmet til Oslo SV  
2015-2019**

# Oslo - ein by for solidaritet, miljø og mangfald

## Innhald

Bysosialisme for framtida .....	3
Omfordeling gjennom eigendomsskatt .....	2
Utdanning som gir like moglegeheiter .....	2
Barnehage .....	2
Skule .....	3
Vaksenopplæring .....	5
Studentbyen Oslo .....	6
Ein god oppvekst for alle .....	7
Eit trygt arbeidsliv .....	8
Ein næringsvennleg by .....	9
Gode bustader til ein leveleg pris .....	10
Få fart på bustadbygginga .....	10
Leigebustader – eit godt alternativ .....	10
Ein trygg by .....	11
Helsetenester som jamnar ut skilnader .....	12
Førebygging framfor reparasjon .....	13
Aktive seniorar .....	13
Sosialhjelp som tryggleiksnett .....	15
Ein omsorgsfull ruspolitikk .....	15
Eit styrkt folkestyre .....	17
Ein grøn by .....	18
Grøn samferdsle .....	20
Gode bustadmiljø .....	21
Eit breitt idrettstilbod .....	22
Ein feministisk by .....	23
Oslo som ein feministisk arbeidsgivar .....	23
Kvinnekroppen er ikkje ei vare .....	24
Kamp mot vald og valdtekt .....	24
Ein mangfaldig by .....	25
Ein levande kulturby .....	26
Ein tilgjengeleg by .....	27
Regnbogebyen .....	28
Internasjonal solidaritet .....	29

## Bysosialisme for framtida

Då Oslo Rådhus stod ferdig i 1950, var det den høgaste bygninga i byen. Det var eit spektakulært uttrykk for fellesskapen og det lokale demokratiet. I Rådhuset skulle framtida formast.

Etter snart to tiår med høgrestyre, er det ikkje lenger fellesskapen som formar framtida, men ei blind tru på marknaden. Dette har gitt kommersialisering, stoppeklokkeomsorg og altfor store sosiale skilnader i byen vår.

SV trur på fellesskapen. Vi meiner at vi saman kan byggja ein betre by. Vi meiner at kvar innbyggjar må få større mogelegheit til å delta og påverka, og ikkje verta overlata til marknaden. Saman kan vi skapa ein grønare, meir rettferdig og mangfaldig by.

Tre trådar er trekte gjennom dette programmet. Den første tråden handlar om rettferdig fordeling av gode og plikter, den andre om omsynet til natur og miljø, og den tredje om feminisme og mangfald.

### Del goda

Oslo er ein klassesdelt by. Skiljet mellom aust og vest i byen er langt frå forsvunne. Sosiale problem og mogelegheiter er ujamnt fordelte. Vi ser det mellom anna på bustader, levekår og skuleresultat.

SV ønskjer eit samfunn med små økonomiske skilnader. Arv og sosial bakgrunn skal ikkje avgjera kva for mogelegheiter du får i livet. Difor ønskjer vi ei radikal omfordeling. Ein slik omfordelingspolitikk må skje på mange felt: gjennom skattepolitikken, i utdanningspolitikken, i helse- og sosialpolitikken, i eldreomsorga og i bustadspolitikken. Offentlege og universelle velferdsordningar sikrar dei viktige behova til alle menneske. Difor er SV ein forsvarar av fellesskapsløysingar og offentlege velferdstilbod.

### Den grønne byen

Klimaspørsmålet er den viktigaste politiske einskildsaka i vår tid.

Livsgrunnlaget vårt er truga av farlege klimaendringar og vedvarande rovdrift på natur og ressursar. Begge delar bidreg til å øydeleggja naturmangfaldet og økosystema vi er heilt avhengige av. Denne kunnskapen styrer korleis vi i SV vil organisera samferdsle, byutvikling og arealbruk i Oslo.

Osloområdet er det tettast folkesette området i landet. Her finn vi størstedelen av person- og godstrafikken, og det er avgjerande at Oslo og Akershus reduserer utsleppa frå biltrafikken. Byen veks raskt. Det gjer det endå viktigare med handlingsvilje og radikale grep. Eit fleirtal i bystyret ønskjer å bruka over 40 milliardar på ny 12-felts motorveg mot Asker. SV vil i staden bruka pengane på tidenes kollektivløft for Osloområdet.

## Feminisme og mangfald

Oslo skal vera ein raus og mangfaldig by - ein tolerant by der befolkninga også kan gleda seg over dei positive skilnadene som finst. Oslo skal vera ein by der alle kjenner seg trygge og ingen blir utsette for diskriminering, trakassering eller vald.

SV ønskjer eit samfunn der kjønn ikkje set grenser for fridomen til folk. Alle menneske skal ha like mogelegheiter i samfunnet, uavhengig av kjønn, seksuell orientering eller kjønnsuttrykk. Difor er det uakseptabelt for SV at kvinner systematisk har mindre makt, ressursar og fridom enn menn. Kampen for likestilling mellom kjønna er ikkje over. SV vil kjempa mot ufrivillige deltidstilsetjingar, mot kjønnsbaserte lønsskilnader, mot familievald, prostitusjon, valdtekt og seksuell trakassering.

Feminisme er ein kamp for fridom og mangfald. Difor er feminisme også kamp for rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT). SV vil fortsetja arbeidet med å inkludera LHBT-personar i Oslo. Dei store juridiske hindra er overvunne, men mykje står att for at alle skal kjenna seg som del av fellesskapen. Særleg vanskeleg er det for LHBT-personar med innvandrarbakgrunn.

Kampen mot rasisme og etnisk diskriminering må førast i kommunen. Alle innbyggjarane våre er like mykje Osloborgarar. Dei skal ha dei samme mogelegheitene. Ein aktiv integreringspolitikk skal sørgja for at dei av oss som har innvandrarbakgrunn, blir ein del av fellesskapen, har like mogelegheiter til å delta på alle samfunnsområde og får brukt ressursane sine.

## Ny kurs for solidaritet, miljø og mangfald

65 år etter at det stod ferdig, må Rådhuset igjen bli den arenaen der framtida til byen vert forma. Det er på tide at andre krefter overtar styringa i kommunen. Saman med befolkninga i byen skal vi setja ny kurs for solidaritet, miljø og mangfald.

## Omfordeling gjennom eigendomsskatt

Vi vil ha ein by som omfordeler og sørgjer for at folk får like mogelegheiter. I Oslo, der stadig fleire får større og større privat rikdom, blir den offentlege velferda og dei kommunale tenestene dårlegere. Skal vi som bur i Oslo ha gode skular, godt helsevesen, skikkeleg kollektivtilbod og idrettsanlegg nær alle, må fellesskapen ha pengar til dette. SV vil difor innføra kommunal eigendomsskatt.

Eigendomsskatten skal gjelda både for næringseigendom og bustadeigendom. Det vert innført eit botnfrådrag på tre millionar kroner. I tillegg ønskjer vi at prosentsatsen skal aukast på sikt, slik at dei som eig mest kan bidra meir til fellesskapen

Inntektene frå eigendomsskatten skal brukast til å nedkjempa sosiale skilnader ved å satsa på utdanning og oppvekst.

SV vil:

- Innføra kommunal eigendomsskatt på næringseigendom.
- Innføra kommunal eigendomsskatt på bustader med botnfrådrag på tre millionar kroner.
- Søkja staten om å få innføra ein eigen eigendomsskatt for bustader folk ikkje bur i sjølve, slik at det blir mindre lønsamt å spekulera i bustad. Denne skatten må setjast vesentleg høgare enn skatten på primærbustad.

## Utdanning som gir like mogelegheiter

Oslo er ein god by å veksa opp i for dei fleste. Likevel opplever mange born å falla utanfor på grunn av dei store klasseskilnadene i byen vår.

SV meiner at ein målretta utdanningspolitikk er viktig for demokratiet - for å utjamna klasseskilnader og for å skapa integrering og fremja deltaking.

### Barnehage

Ein god barndom legg grunnlaget for eit godt liv og barnehagen er viktig for læringa og utviklinga til born gjennom heile livet. Diverre er Oslo den kommunen med lågast barnehagedekning i Noreg, fordi det borgarlege bystyrefleirtalet ikkje prioriterer bygging av tilrekkjeleg mange barnehageplassar. SV vil gjennomføra to barnehageopptak i året og sørgja for at alle born får plass i barnehage når dei treng det.

Barnehagedrift er ei felleskapsoppgåve, og difor sier SV nei til kommersialisering av barnehagane. Barnehagen skal gi eit likeverdige tilbod til alle born, difor skal det offentlege ha ansvaret.

Gode og kompetente barnehagelærarar og tilsette er bærebjelken i å utvikla barnehagen til å bli eit godt pedagogisk og sosialt tilbod for det einskilde barnet.

SV vil at borna skal ha ein spanande og utforskande kvardag i barnehagen, med omsorg, leik, læring og trivnad for kvart einskilt barn. Difor vil SV prioritera at det i oslobarnehagane er mange nok vaksne med riktig kompetanse og at dei tilsette får gode mogelegheiter til etter- og vidareutdanning. SV meiner personaltalet i barnehagane minst må vera i tråd med norma om tre tilsette per ni born under tre år og tre tilsette per 18 born over tre år.

I Oslo har bydelane ansvaret for barnehagedrifta. For å sikra gode tilbod ønskjer SV difor å styrkja bydelsbudsjetta. Det må mellom anna øyremerkjast tilrekkjeleg med økonomiske ressursar til å setja inn vikarar. Oslobarnehagane har blitt meir og meir prega av kartlegging av borna. Barnehagen bør vera ein stad borna lærer gjennom leik og fordi det er lystprega. SV vil avgrensa vektlegginga på kartlegging som går føre seg i barnehagane. Der det er teikn til at born har spesielle problem bør det setjast inn tiltak raskt, slik at også desse borna er best mogeleg rusta til skulestart.

SV vil:

- At barnehagar skal få vera barnehagar, og at læring skal skje gjennom leik og omsorg.
- Rekruttera fleire barnehagelærarar, vidareføra personalnorma og stilla tilsvarende krav til private barnehagar som til dei kommunale.
- Arbeida for at flest mogeleg barnehagar er bygde og drifta av kommunen eller ideelle aktørar.
- Ha gratis halvdagsplass for born frå tre år og oppover.
- At barnehagane skal ha fridom til å sjølve vurdera kva for kartleggingar og metodar som skal brukast.
- Gjeninnføra øyremerkte middel til dei pedagogiske fagsentera for å ta hand om born som treng ekstra innsats.
- Tilretteleggja for gode språkmiljø for born med språkvanskar og born som ikkje kan tilrekkjeleg norsk og ha fleire tospråklege assistentar og førskulelærarar i barnehagen.
- Etablera kvelds- og nattåpne barnehagar.
- Systematisera og styrkja etter- og vidareutdanninga av tilsette i barnehagane.
- At ein som hovudregel skal ta inn vikarar ved fråvere i alle barnehagar.
- Sikra at alle tilsette i oslobarnehagane snakkar godt norsk, gjennom å krevja minst B1-nivå.

### Skule

SV har store ambisjonar for fellesskulen. Han har vore avgjerande for utforminga av det moderne Noreg og er ein føresetnad for demokratisk deltaking. Skulen

skapar selvstendige individ, men samtidig må han også utvikla toleranse, medmenneskelegheit og demokratiske haldningar. Han skal fremja utvikling av evnene til den einskilde, men universelt også evna til å ta medansvar for andre og utvikla fellesskap. SV vil ha ein skule som lærer elevane å tenkja kritisk om kjønn og makt.

SV vil ha ein skule som er forma av tillit til lærarane. Vi skal ha ei tillitsreform der målet er at mindre tid går til testing og byråkrati og meir går til kjerneoppgåvene til skulen. Skulane skal få større fridom til å sjølvje vurderer kva for metodar og kartlegging som skal brukast.

SV vil at alle i Oslo skal ha lik mogelegheit til god opplæring, uavhengig av kvar dei bur. Å motverka segregering og klasseskilje krev ei rettferdig fordeling av ressursar mellom skulane. SV vil sikra at alle elevar og lærlingar får eit likeverdig og tilpassa opplæringstilbod.

SV vil ha ein skule med nulltoleranse for mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, rasisme, truslar og vald.

SV vil:

- Innføra ei norm i grunnskulen som tilseier 15 elever per lærar de fire første åra og 20 elever per lærar etter det.
- Tilsetja fleire yrkesgrupper i skulen, som fleire helsesysterer og meir merkantilt personale, for å sikra at lærarane får meir tid til elevane.
- Utvida tilbodet om gratis aktivitetsskule til å gjelda heile byen, og stoppa den store prisauken for tilbodet.
- Innføra leksefri frå første til fjerde trinn i løpet av perioden. Vi vil utvida dagens leksehjelpordning med eit mål om at elevane skal gjera seg ferdige med leksene på skulen.
- Gjeninnføra skulefruktordninga, og tilby elevene god og næringsrik mat i løpet av skuledagen.
- At grunnskular og videregående skular i Oslo skal ha tilgang til skulebibliotek, og at desse skal ha eige budsjett.
- Leggja til rette for sterkare elevdemokrati ved at elevråda får disponera eit eige budsjett innanfor rammene av driftsbudsjettet til skulen.
- Auka talet på elevar som vel fagopplæring. For å oppnå dette må vi gjera yrkesutdanning like attraktivt som studiespesialisering gjennom gode skuletilbod. Vi må gjera elevane kjende med ulike yrkesval både i barneskule og på ungdomstrinnet. SV vil at Oslo kommune skal styrkja samarbeidet mellom skule og arbeidsliv ved at partane i arbeidslivet vert trekte meir inn i skulen.

- Sikra nok lærlingplassar ved å stilla større krav til verksemdar som vinn kommunale anbod, styrkja opplæringskontora og auka lærlinginntak ved verksemdene til kommunen.
- At lærarar i alle fag skal få like gode tilbod om etter- og vidareutdanning, og at kompetanseutvikling først og fremst skal skje kollektivt og skulebasert, og ikkje ved at einskildlærarar vert sende vekk på kurs.
- Evaluera modellen for karakterbasert inntak til vidaregåande skule for å motverka at det vert danna A- og B-skular.
- Fjerna osloprøvene, og sørgja for at osloskulane ikkje har fleire obligatoriske prøvar enn elles i landet.
- Innføra ei sams rabattordning for barnehage og aktivitetsskule, slik at foreldre med born begge stader får ein samla søskenrabatt.
- Innføra ein søskenrett, som gir alle born i ein familie rett til å gå på samme skule sjølv om skulegrensene vert endra.
- Utvikla ein alternativ modell for ressursfordeling i grunnskulen og vidaregåande skule som i større grad enn i dag tar høgd for faktiske behov ved den einskilde skulen, mellom anna spesialundervisning og språklege behov.
- Sikra god kapasitet for det auka elevtalet ved å byggja skular raskare.
- Sørgja for at ein ved oppussing og nybygging av skular legg til rette for kreativ og praktisk aktivitet gjennom å byggja øvingsrom, atelier, studio og verkstader.
- Arbeida for å førebyggja fråfall frå vidaregåande skule.
- Betra samarbeidet mellom skulen, bydelane, andre offentlege tenester og arbeidslivet slik at elevar som ikkje meistrar skulekvardagen kan få eit alternativt tilbod.
- Innføra ei ordning med politisk fråvere på ungdomsskulen på lik linje med vidaregåande skule, og gå gjennom fråverereglementet for å leggja til rette for større kulturelt og sportsleg engasjement blant ungdom.
- Tufta på dugleikane og kunnskapane til elevane, skal rådgivingstenesten gi rådgiving om og støtta utdanningsval som bryt med kjønnsstereotypiar.
- Gjennomføra prøveordningar med halvårsvurdering med karakterar først til sommaren på 8. trinn.

### Vaksenopplæring

Ei god vaksenopplæring er ein god føresetnad for integrering og moglegheiter for studium og arbeid. Både menneske med høgare utdanning og menneske utan skulegang, har rett og plikt til å læra norsk og til å kvalifisera seg for arbeidsliv eller vidare studium i Noreg. Den kommunale vaksenopplæringa må ta hand om eit mangfald av deltakarar med ulike behov og føresetnader.

Ein del av dei som kjem til Noreg og Oslo i dag har liten eller ingen skulebakgrunn, og mange ber på store traume og psykiske og fysiske plagar.



Vegen fram mot eit B1-nivå er difor lang. Oslo kommune må leggja til rette for arbeidsplassar med andre språkkrav.

SV vil:

- Styrkja karriererettleiinga og rådgivingstenesta i Vaksenopplæringa slik at deltakarane raskare kan komma ut i arbeidslivet eller ta vidare utdanning.
- At kommunen skal tilby norskkurs og rådgivingsteneste for arbeidsinnvandrarakar slik at dei kjem raskt inn i arbeidslivet.
- At klassestorleiken må vera pedagogisk forsvarleg og ta utgangspunkt i skulebakgrunnen, nivået og progresjonen til deltakarane. Alfabetiseringsklassar og klassar på Spor 1 skal ikkje ha meir enn 15 deltakarar.
- At deltakarar utan fullført grunnskule skal få tilpassa basisopplæring i norsk, IKT, matematikk, samfunnsfag og naturfag.
- At vaksenopplæringa skal gi alle mogelegheit til å jobba seg fram mot å bestå norskprøven. Det er denne dokumentasjonen på språkkunnskap ein ønskjer i arbeidslivet.
- Jobba for å få fleire stillingar i kommunen for dei som ikkje greier å nå B1 i norsk.

### Studentbyen Oslo

Forskning og utdanning av høg kvalitet kan bidra til berekraftig utvikling, verdiskaping og velferd. Høgare utdanning er først og fremst eit nasjonalt ansvar, men SV vil at også kommunen skal satsa på studentane og bidra til at hovudstaden blir den beste studentbyen i landet.

Tilrekkeleg mange studentbustader, god tilgang til kollektivtransport og eit rikt og variert kulturtilbod er naudsynt for å gi like og gode mogelegheiter til alle studentar.

SV vil:

- Byggja 4000 studentbustader innan 2020 i samarbeid med Studentsamskipnaden (SiO).
- Låna vekk eigna tomter til dei flyttbare modul-studentbustadene samskipnaden har.
- Forskuttera statlege tilskot til studentbustader.
- Styrkja kollektiv- og sykkeltilbodet ved dei største utdanningsinstitusjonane, og ved dei største studentbyane.
- Betra samordninga mellom velferdstenestene til SiO og tenestene til kommunen.

- Tilby fleire studierelevante sommarjobbar og praksisplassar i kommunen, gjennom å styrkja samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og etatane og verksemdene til kommunen.
- Innføra kulturkort for studentar.
- Halda fram med studentrabatt på kollektivtilboda i byen, og fjerna aldersgrensa for alle heiltidsstudentar.

## Ein god oppvekst for alle

Alle born skal ha ein god oppvekst. Mange born og familiar har trong til hjelp frå barnevernet, i kortare eller lengre tid. Vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep mot born er eit alvorleg samfunnsproblem. Samstundes slit det lokale barnevernet med låge løyvingar, mange å hjelpa og for få tilsette. Kutt i bydelsbudsjetta og dyre, private barnevernstenester går utover hjelpetilbodet til borna i byen. SV meiner det er viktig å sikra at born som er utsett for vald, overgrep og omsorgssvikt får naudsynt hjelp og oppfølging.

Vi må skapa eit godt samarbeid med andre faggrupper, instansar og organisasjonar for at barnevernet skal lukkast i arbeidet sitt. SV vil styrkja det førebyggjande barnevernet ved helsestasjonane med andre fagfolk, som til dømes barnevernspedagogar. Barnehagen har også ein viktig førebyggjande funksjon.

SV vil styrkja det førebyggjande arbeidet i barnevernet gjennom pedagogisk-psykologisk teneste, helsesystrene og sosiallærarane. Vi vil også styrkja kriminalitetsførebyggjande tiltak i bydelane som SaLTo-prosjektet (SaLTo – sammen lager vi et trygt Oslo).

SV vil:

- Styrkja samarbeidet mellom det kommunale barnevernet, NAV, staten og frivillige organisasjonar slik at born får rett tilbod til rett tid.
- Senka terskelen for å senda bekymringsmeldingar til barnevernet ved å utvikla tiltak som styrkjer samarbeidet mellom barnevernet og andre som har meldeplikt til barnevernet og at alle tilsette i barnehagar og skular årleg trener på situasjonar der dei har mistanke om at born kan vera utsette for vald.
- Styrkja barneverntenesta i bydelane med fleire tilsette, avvikla anbudsutsetjing av barnevernstenester og styrkja kompetansen barneverntenesta har innanfor rus, psykiatri og traumeforståing.
- Betra oppfølginga av born i fosterheim.
- At det førebyggjande arbeidet mot vald mot born vert styrkt i alle bydelar, ved å mellom anna sikra foreldrerettleiingskurs for barneoppseding utan bruk av vald.

- Satsa på betre språkopplæring, som til dømes språkgrupper og språkkaféar på biblioteka i bydelane.

## Eit trygt arbeidsliv

Innbyggjarane i Oslo fortener heiltidsstillingar og trygge arbeidstilhøve. Oslo kommune skal sørgja for eit seriøst og godt arbeidsliv. Dei låglønte i kommunen må få eit løft. Tilsette må verta tatt med på lag som ein ressurs, heller enn å frykta bråk om dei tar opp arbeidsvilkåra sine. SV vil jobba mot diskriminering på kommunale arbeidsplassar og oppmoda tilsette om å vera opne om seksuell identitet.

Gjennom underbetaling, svart økonomi og uoversiktlege kjeder av underleverandørar, tar kriminelle selskap ut stor profitt. Tilsette og seriøse selskap som følgjer spelereglane blir taparane. SV vil rekommunalisera tenester som barnehagar, sjukeheimar, helse- og omsorgstenester, søppelhenting, drift av grøntanlegg, veg, reinhald og reinseanlegg når kontraktane går ut, slik at desse vert drivne av kommunen eller ideelle organisasjonar.

SV vil:

- At den internasjonale arbeidsorganisasjonens (ILO) konvensjon 137 vert lagd til grunn for hamnedrift.
- Innføra sekstimarsdag på utvalde tenestestader i kommunen.
- Ikkje gjera avtalar med leverandørar som nektar tariffavtale med sine tilsette.
- Vedta at kommunen som arbeidsgivar praktiserer dei reglane som gjeld i den noverande arbeidsmiljølova med omsyn til mellombels tilsetjing og tilsetjingsvern.
- Gi rom for at det er arbeidsplassar for folk med varig nedsett arbeidsevne i kommunale verksemder.
- Byggja eit meir aktivt samarbeid mellom NAV, kommunale verksemder og attføringsverksemder som Oslo kommune heilt eller delvis eig.
- Kontraktfesta reglar som sikrar at leverandørane til kommunen berre kan ha to nivå av underkontraktar, der avtaleparten til kommunen er ansvarleg for oppfølging av lover og tariffavtalar.
- Setja eit tak på eitt nivå med underleverandørar og eit tak på talet på underleverandørar totalt ved kommunale anbod for å motverka undergraving av arbeidstakarrettar.
- At kommunen og bydelane sikrar rekruttering av fagfolk til oppvekst, helse- og omsorgssektoren, samt sikrar ufaglærte fagopplæring på arbeidsstaden.

- Innføra ei sertifiseringsordning med prikkbelastning, der selskap fell ut av lista kommunen har over mogelege leverandørar når dei får ei viss mengd prikkar.
- At kommunen innfører ei tillitsreform i samarbeid med dei tilsette.

## Ein næringsvennleg by

Byutviklinga i Oslo vert i altfor stor grad styrt av kapitalinteresser. Byrommet er prega av at store næringsaktørar får leggja premissane.

SV vil leggja til rette for ei god og variert næringsutvikling for å sikra arbeidsplassar til innbyggjarane i byen og gi dei trygg tilgang på varer og tenester som Oslo treng.

Nye bustadområde må få rom for næringsliv med gode tilbod til innbyggjarane. Ved å sikra plass til breidda i næringslivet i alle planar og vedtak om byutvikling, ønskjer SV å gi innbyggjarar på tvers av byen gode nærmiljø i samarbeid med lokalsamfunnet og kommersielle aktørar.

Det er viktig å sørgja for seriøse næringsaktørar. SV vil difor at kommunen skal slå hardt ned på kriminelle og andre som ikkje følgjer reglane i arbeidslivet. Anstendige verksemdar og føretak er avhengige av ein kommune som ikkje aksepterer juks.

Fordi gode offentlege tilbod er god næringspolitikk, ønskjer SV at kommunen bør eiga meir næringsseigendom for deretter å sikra variert næringsutvikling gjennom utleigepolitikken.

SV vil:

- Gi gründarar høve til å låna kommunale kontorlokale i oppstartsfasen.
- Sikra offentleg styring og drift av viktig infrastruktur, deriblant Oslo Havn og andre kommunale føretak.
- At Oslo kommune skal setja krav til arbeidsvilkår blant leverandørane sine, ved å innføra nulltoleranse og karanteneordningar for alvorlige brot på arbeidsmiljø- og allmenngjeringslova.
- Digitalisera alle søknads- og saksbehandlingssystem.
- Undersøkja mogelegheita for eit differensiert avgiftssystem i byen, slik at verksemdar som driv på ein miljøvennleg og sosialt god måte, får lågare avgifter for kommunale tenester.
- Sørgja for å ta omsyn til behovet næringslivet har til varetransport i bilfrie sentrumsområde.
- Bidra til å gjera UNiK-merkinga (UNiK – Bevegelsen for et unikt urbant miljø) byomfattande.

- Sikra at det offentlege held fram med å ha eigarskap i Hafslund
- Sikra at ein held fram med miljøvennleg godstransport i Groruddalen, blant anna ved å sørgja for lokalmiljøvennleg vidareutvikling av Alnabruterminalen.

## **Gode bustader til ein leveleg pris**

### **Få fart på bustadbygginga**

Alle skal ha råd til ein stad å bu, men dei høge prisane har ført til at mange har problem med å skaffa seg bustad.

Ein god bustadpolitikk skapar bustadområde med variert utbygging. Han kombinerer det å byggja nytt med å rusta opp gammalt. Ein god bustadpolitikk sikrar nærskular, barnehagar og idrettsanlegg, og sørgjer for gode mogelegheiter for lokal næringsverksemd og tilgang til kunnskaps- og kulturtilbod.

Det borgarlege bystyrefleirtalet har ein usosial bustadpolitikk. Det er tiltrua til marknaden som styrer, og viljen til å sørgja for at det vert bygd nok gode bustader, har mangla. Når det er behov for bustader i eit område, må kommunen sørgja for bygging sjølv om private entreprenørar eller bustadbyggjelag ikkje ønskjer å byggja ut.

SV vil:

- Oppretta eit kommunalt tomteselskap, med oppdrag å kjøpa tomter og leggja til rette for bustadbygging der det trengst, og ikkje berre der kommersielle aktørar ønskjer å byggja.
- Oppretta det kommunale føretaket Oslohus som byggherre på tomter der kommersielle aktørar ikkje er villige til å byggja til ein akseptabel pris.
- At det vert bygd fleire bustader rundt knutepunkt for kollektivtransport.
- At kommunale tomter som er selde til bustadbyggjar, fell tilbake til kommunen viss ikkje bygginga er i gang innan rimeleg tid.
- Fjerna unødig byråkrati i byggjesakshandsaming.
- Endra leilegheitsnorma i Oslo slik at vi kan sikra fleire store familiebustader, spesielt i indre aust.

### **Leigebustader – eit godt alternativ**

Leigebustader skal vera eit godt alternativ til å eiga. I dag er leigemarknaden ein arena for bustadspekulasjon. Private kjøper bygårdar og leilegheiter og leiger ut til høge prisar.

For å sikra heim til alle som treng det, vil SV danne eit kommunalt føretak som skal byggja og drifta utleigebustader som skal leigast ut til kostpris. Vi vil

dessutan fremja leige-til-eige-ordningar, der du etter kvart kan kjøpa leilegheita du leiger. Slik får fleire høve til å eiga eigen bustad.

SV vil:

- At kommunen nyttar moglegheita til å kjøpa inntil 10 prosent av nye bustader i burettslag og sameige. SV vil også jobba for å selja bustader i område som er tettbygde med kommunale bustader og kjøpa nye i andre delar av byen.
- At kommunen krev ein del av bustadene som betaling for tomta, når private byggjer på kommunal grunn.
- Rusta opp bustadene kommunen eig og sikra at kommunen ikkje bruker eigne leigebustader til å tena pengar.
- At kommunale bustader skal ha lågare leige enn marknadsleige.
- Tilby alle som kjem fra institusjonsopphald eller fengsel ei kommunal bustad og bu-oppfølging ved behov.
- Ta igjen etterslepet og auka satsinga på vedlikehald og rehabilitering av kommunale bygg.

## Ein trygg by

Alle skal kunna ferdast trygt i byen. I dag er det mange stader som folk opplever som utrygge og desse stadene vert dimed lite tilgjengelege. Ein by folk opplever som trygg er eit resultat av små sosiale skilnader, god byplanlegging, førebygging av kriminalitet og at folk opplever at politiet er til stades og til å stola på.

I kriminalpolitikken legg SV først og fremst vekt på førebyggjande arbeid. SV vil leggja opp til tett samarbeid mellom politi og kommunale verksemder for å førebyggja og hindra kriminalitet.

Med auka innbyggjartal og avansert infrastruktur, er det viktig at beredskaps- og redningstenestene vert dimensjonerte etter veksten.

SV vil:

- Satsa massivt på førebyggjande barne- og ungdomstiltak.
- At parkar, gater og torg skal vera oversiktlege, godt opplyste og vedlikehaldne.
- Ha eit trygt og tilrekkjeleg kollektivtilbod frå sentrum på sein kvelds- og nattestid – særleg i helgane.
- Auka nærveret av politi og kommunale bymiljøvakter i særleg utsette område, og leggja til rette for fleire natteramnar.
- Styrkja den kriminalførebyggjande innsatsen og moglegheitene for tilbakeføring til samfunnet etter avslutta soning.

- Ha ein opptrappingsplan for kapasitet og mannskap i brann- og redningsetaten.
- Sikra framdrift for bygging av ny hovudbrannstasjon.
- Arbeida for ei fast ordning med jentetaxi, som kun vert køyrd av kvinnelege sjåførar.

## Helsetenester som jamnar ut skilnader

Gode og universelle velferdstenester er viktig for alle. Tilgang til helsetenester er ein grunnleggjande rett. I Oslo varierer levealderen sterkt mellom ulike bydelar - mellom rike og fattige. Helse er i altfor stor grad eit resultat av eigen økonomi.

Tilgang til helsetenester i bydelane er for ulikt og mange stader for dårleg. Det er stor skilnad på tilgang til skulehelsetenester, ambulansetenester og helsestasjonar. For mange må venta for lenge eller får ikkje det tilbodet dei burde fått. SV vil arbeida for ein helsepolitikk som jamnar ut skilnader, og sørgjer for at innbyggjarane har like gode helsetenester uansett kvar i byen dei bur.

Alle skal vera trygge på at dei får rask og god hjelp når dei blir sjuke. SV meiner sjukehuskapasiteten må aukast ved at området til tidlegare Aker sjukehus blir betre utnytta gjennom nybygg, utan at dette fortrengjer Samhandlingsarena Aker.

SV vil:

- Gå inn for at sjukehuskapasiteten i osloregionen vert auka, ved at det vert bygd nytt sjukehus på tomte til tidlegare Aker sjukehus og at det vert skapt betre løysingar for innbyggjarane i Oslo Sør.
- Etablera tydeleg ansvar for koordinering av pasientprosessar for kronikargrupper.
- Ta i bruk arbeids- og velferdsteknologi som styrkjer meistringa til pasientane.
- Stimulera samarbeid mellom kommunehelsetenesta og frivillige organisasjonar.
- Styrkja utviklinga av pasientnære, ambulante tenester i samarbeid mellom kommunehelsetenesta og sjukehusa.
- Sikra gode og likeverdige ambulanse- og legevakttenester med gode fasilitetar og tilrekkeleg og godt kvalifisert personal.
- At unge menneske skal sleppa å bli ufrivillig plasserte på sjukeheimar. Det skal opprettast eigne butilbod til unge menneske med pleiebehov.
- Styrkja psykisk helsevern både for born, unge og vaksne, medrekna å auka talet på døgnplassar.

## Førebygging framfor reparasjon

Det moderne livet har gitt oss utfordringar. Vi beveger oss for lite i kvardagen. Overvekt og diabetes har blitt folkesjukdommar og psykiske problem aukar i alle aldersgrupper. Biltrafikken gjer oslolufta skadeleg mange dagar i året. SV vil ha meir førebygging og mindre reparasjon. Vi vil tilretteleggja for fysisk aktivitet i kvardagen, gode sosiale møteplassar i nærmiljøa og frivillig arbeid. Eldresentera kan utviklast til frisklivsentralar og idretten kan satsa endå meir på lågterskeltilbod.

SV vil:

- Stimulera til samarbeid med frivillige krefter, og til nye førebyggjande initiativ.
- Leggja vekt på riktig ernæring i heimetenesta.
- Satsa på førebyggjande og rehabiliterande fagprofesjonar som ergoterapi og fysioterapi.
- Styrkja tverrfagleg førebyggjande arbeid i helse- og omsorgstenestene mellom anna ved satsing på kompetansebygging, gjennom frisklivsentralar i alle bydelar og koordinering av verkemiddel i ulike kommunale etatar og bydelar.
- At bilane, og ikkje borna, skal vera inne når oslolufta er skadeleg.
- Styrkja helsestasjonane med utvida åpningstider, auka personaltal og fleire faggrupper.
- At helsestasjonane skal ha barselgrupper, kurs og heimebesøk til alle nybakte føresette.
- Satsa på helsestasjon for born og unge og styrkja skulehelsetenesta slik at kommunen minst oppfyller den nasjonalt tilrådde norma.
- Ha frukt og grønt i skulen og eit måltid mat som ein sentral del av det førebyggjande helsearbeidet for born.
- Leggja til rette for turaktivitetar i marka og lokalmiljøa, både for einskildpersonar og grupper.

## Aktive seniorar

Det skal vera godt å bli gammal i Oslo, men diverre opplever mange eldre det ikkje slik. I Oslo skal eldre kunna leva aktive liv. SV vil satsa på møteplassar som lokale eldresenter og på å utvikla ein kulturpolitikk for eldre som gir kommunal støtte til tiltak som senioruniversitetet, konsertar og liknande.

Dei fleste eldre menneske ønskjer å bu heime. Kommunen skal bidra med råd og rettleiing til korleis innbyggjarane kan tilpassa bustadene sine. Når det vert trong til det, skal alle ha tilgang til gode og fleksible heimetenester.

Stoppeklokkene skal fjernast og bytast ut med ei tillitsreform med heilskaplege og behovsprøvde omsorgsplanar, der den som treng tenesta og dei tilsette utformar tilbodet saman.



Alle skal vera sikre på å få sjukeheims plass når dei treng det, og personalet skal vera godt kvalifisert og møta behovet den einskilde har for omsorg og helsehjelp. Dette inneber også naudsynt legedekning og at demente får god omsorg gjennom demensteam. Alle har rett til ein verdig alderdom, uavhengig av klassebakgrunn, seksuell orientering, kjønn og etnisitet.

Trygg omsorg er ein rett og eit samfunnsansvar. SV vil fjerna aktørar som reduserer kvaliteten og skapar dårlegare arbeidstilhøve for å tena ekstra pengar. Innsyn i vaktplanar og faktisk personaltal på alle sjukeheimane i byen skal innførast, og kontraktar med kommersielle aktørar skal ikkje fornyast.

Oslo treng omsorgsbustader og betre utbygging av Omsorg+ utan aldersgrense. Bydelane skal ha ei heilskapleg teneste der frivilligheitskoordinator inngår og brukarane sjølve har innverknad på hjelpa dei mottar.

SV vil:

- Avvikla aldersgrensa på Omsorg+ og andre omsorgstilbod for eldre.
- Byggja ut dagsentertilbodet.
- Innføra frivilligheitskoordinatorar ved alle sjukeheimar.
- Oppretta tilrekkjeleg mange demensteam.
- Innføra ei tillitsreform i eldreomsorga der brukarar og tilsette får større fleksibilitet når det gjeld tidslengd og karakter på hjelpa.
- Gjennomføra eit breitt forskingsprosjekt blant byens eldre for å finna ut korleis eit framtidig omsorgs- og butilbod kan tilpassast best mogeleg til behov og ønske.
- Gi rettleiing og praktisk hjelp til eldre som sjølve ønskjer å oppretta bufelleskap.
- Sikra eit rikt kulturtilbod for dei som bur i omsorgsbustader og sjukeheimar.
- At dei mange eldre i Oslo får auka mogelegheiter til eit aktivt liv, med deltaking i frivillig arbeid, organisasjonsliv og i politiske prosessar. Dette skal utviklast i tett dialog med organisasjonane til dei eldre.
- Sikra heiltidsstillingar for tilsette i eldreomsorga mellom anna gjennom auka grunnbemanning.
- Ha fullgode kjøkken tilknytt alle sjukeheimar; mat er ein av dei avgjerande faktorane for trivnaden og helsa til dei eldre.
- Halda ved like og etablere nye eldresenter i Oslo.
- Undersøkja om drifta av sjukeheimane skal verta tilbakeført til bydelane.

## Sosialhjelp som tryggleiksnett

Oslo er ein klassesdelt by med mange fattige einskildpersonar og familiar. SV vil nedkjempa fattigdom gjennom utjamning av skilnader i arbeidsliv, bustad-, helse-, skule- og trygdepolitikk.

Mange har opplevd å trenga hjelp, men ikkje fått den hjelpa dei treng. For mange møter eit system der dei opplever å ikkje verta tatt tilrekkjeleg på alvor. Det finst mange grunnar til at folk kjem i ei krise. Særleg viktig er det at born ikkje vert ramma. At så mange born i Oslo lever i fattigdom, er ei skam.

SV meiner at fellesskapen har ansvar for å hjelpa menneske over kneika. Å hjelpa folk ut av kriser gjer ein stor skilnad for den einskilde og gjer samfunnet til ein betre stad. Dei fleste som treng økonomisk sosialhjelp gjer det for ein kortare periode.

SV vil:

- Sikra at born blir høyrde og at behova deira blir individuelt vurderte knytt til utmåling av sosialhjelp.
- Auka den økonomiske sosialhjelpa, særleg for barnefamiliar. Hushaldningsbudsjettet til Statens institutt for forbruksforskning skal vera ei minstenorm.
- Sikra individuell vurdering og hjelp til menneske som treng sosialhjelp. Vi seier dermed nei til obligatorisk aktivitetsplikt.

## Ein omsorgsfull ruspolitikk

SV vil ha ein ruspolitikk som tar omsyn til dei skadeverknadene rusmiddel har for einskildmenneske og samfunnet. SV meiner at det viktigaste i ruspolitikken er førebygging.

Dei som allerede lever i rusmiddelavhengnad skal ha rett på avrusing og naudsynt behandling raskt. SV vil ha fleire behandlings- og avrusingstilbod drivne av kommunen, med høge krav til kompetanse og kvalitet.

Rusmiddelavhengige skal ha rett til hjelp tilpassa livssituasjonen og motivasjonen deira.

Mange som har gjennomført eit behandlingssløp fell attende til rus og kriminalitet grunna mangelfullt ettervern. For folk utan utdanning, yrkeserfaring og sosialt nettverk, kan overgangen frå tilveret i behandlingsinstitusjon til eit vanleg liv vera nesten uoverstigeleg. Ei god rehabilitering føreset godt ettervern. SV vil arbeida for at Oslo kommune byggjer opp eit tilbod til den einskilde som inneber ein trygg bustad, eit godt utdanningstilbod og positive sosialiseringarenaer.

SV vil gjera alkohol og andre rusmiddel mindre tilgjengelege og sørgja for at det finst rusfrie arenaer både for born og vaksne. Idrettsarrangement og arrangement der born og ungdom deltar, skal vera alkoholfrie. Skjenkjestedene må kontrollerast strengt for å hindra skjenking til mindreårige, overskjenking og økonomisk kriminalitet. For å sikra gode kontrollar må kjennskapen Næringsetaten har til serveringsbransjen styrkast, og samarbeidet mellom politi, kommune og bransje må betrast. Skjenkjekontrollen ved utsalsstader må aukast.

SV vil:

- Ha fleire kommunale behandlingstilbod og avrusingsplassar for rusmiddelavhengige og tryggja rolla ideelle aktørar har i rusomsorga.
- Arbeida for å opna røykjerommet i tilknytning til sprøyterommet.
- Ha tidsfristgaranti for å starta avrusing og behandling for dei som søker hjelp til å komma ut av rusmiddelavhengnad.
- Styrkja ettervernet for rusmiddelavhengige, og sikra tilbod om buoppfølging, arbeidstrening og lågterskel aktivitetstilbod under eller etter behandling.
- At idrettsarrangement og andre arrangement der born og ungdom deltar skal vera alkoholfrie.
- Hindra at mindreårige bruker rusmiddel ved å gi betre informasjon til foreldre og auka satsinga på helsesystrer, miljøarbeidarar i skulen, ruskontaktar, utekontaktar, natteramnar og oppsøkjande team, samt styrkja barnevernet.
- At Oslo kommune opnar ein helsestasjon for rusmiddelavhengige med lege, tannlege og eigne brukarrom.
- At rusmiddelavhengige som ikkje ønskjer hjelp til rusmiddelfridom må få tilbod om butilbod og anna naudsynt hjelp.
- At det vert slått hardere ned på det illegale salsapparatet for narkotiske stoff og at politiet må få auka middel til å ta bakmennene og ikkje brukarane.
- Arbeida for ei god oppsøkjande helseteneste for rusmiddelavhengige.
- At kommunen skal søkja om å bli forsøkskommune for heroinassistert behandling.
- At skjenkjetida i Oslo skal vera innanfor dagens ramme på kl. 03:00.
- Gi bydelsutvala fullmakt til å avgjera skjenkjetidene i sin bydel innanfor rammene av den maksimale skjenkjetida i kommunen.
- At Oslo kommune skal søkja staten om å auka bevillingsgebyra for å finansiera skjerpa kontroll med restaurantbransjen.
- At utestader omgåande blir fråtatt skjenkjeløyvet ved alvorlege brot på skjenkjereglane. Ei prøveordning med prikkbelastning på mindre alvorlege brot skal innførast.

## Eit styrkt folkestyre

For SV er styrking og utviding av demokratiet grunnleggjande. I dag opplever for mange at dei ikkje har påverknad på avgjerdsler som gjeld dei sjølv. Mangeårige kutt i bydelsbudsjetta har gitt for dårlege tenester og eit bydelsdemokrati som er redusert til å bestemma kva for viktige tenester som skal kuttast ytterlegare.

Demokratiet vert svekka også gjennom kommersialisering av barnehagar og sjukeheimar. Kommersielle aktørar tar ut store overskot som burde blitt brukt til å styrkja tenestene. Dei same aktørane får altfor stor makt over tenestetilbodet.

Kommunen er til for innbyggjarane i byen. SV vil at kommunen skal vera meir open og gjennomsiktig. Budsjett og kommunale dokument skal vera forstålege, og folk skal ha innsyn. Folk skal nå fram, kvardagsproblema skal løysast, og vedtak som er tatt skal følgjast opp. Kommunen må styrkja fellesarenaene for debatt i byen.

Oslo er inne i ein periode med sterk vekst. Dette skapar store mogelegheiter og utfordringar. Ein grøn by må også vera ein by der utviklinga av byen vert aktivt styrt gjennom demokratiske og politiske prosessar og ikkje primært av kommersielle investeringsinteresser. Dei som bur i byen må inviterast meir aktivt med i diskusjonar om korleis byrommet skal sjå ut i framtida, og premissane må i forlenging av dette utviklast i demokratiske prosessar og ikkje overlatast til faginstansar og eigendomsspekularar.

SV vil:

- Styrkja budsjetta til bydelane.
- Stogga konkurranseutsetjinga av kommunale verksemder.
- Avskaffa bestillar-utførar-modellen som grunnlag for organisering av helsetenester. Organisering av byens helsetenester må sikta mot å skapa heilskaplege pasientforløp med pasienten i sentrum.
- At færre av tenestene til kommunen vert organiserte som aksjeselskap eller andre einingar utanfor demokratisk kontroll.
- At alkoholløyve, skjenkjetider og lokale byggjesaker utanfor Oslo sentrum vert handsama i bydelsutvala.
- Leggja til rette for at alle innbyggjarar får sterkare mogelegheit til å påverka avgjerdsleane gjennom at bydelane kan setja i verk deltakande budsjettering.
- Involvera folk i byen meir aktivt i utviklinga av eigen by og eigne nærområde. Politiske verkemiddel må brukast og styrkast med sikte på å kunna møta allsidige behov no og i framtida.
- Vurdera alle store byggeprosjekt med tanke på korleis dei verkar på eit allsidig, grønt og inkluderande bymiljø.

- Stimulera til allsidig butikkverksemd i nye og etablerte bustadområde, og ha ei restriktiv haldning til vidare utvikling av kjøpesenter som ikkje er tilknytte, eller plasserte i, bustadområde.
- Tilretteleggja for at offentlege rom kan brukast til organiserte og improviserte sosiale aktivitetar.
- Innføra stemmerett for 16-åringar ved lokalval.
- Leggja til rette for at born og unge kan delta og medverka både i byutvikling og i utvikling av kommunale tenester.
- Utvida bruken av folkerøystingar.
- Stimulera til ei betre bydelsoffentlegheit gjennom ei eiga mediestøtte.

## Ein grøn by

Noko av det unike med Oslo er at ein kan bu i ein storby med nærleik til intakt natur som omkransar byen. SV vil ta ansvar for å sikra både naturmangfaldet og kvaliteten på naturopplevingane i strandsonene, i fjorden og i Marka-skogane rundt Oslo.

SV vil at dei gjenverande delane av strandsona i Oslo må skjermast frå nedbygging og sikrast som rekreasjonsområde for innbyggjarane. For øyane i fjorden vil SV få på plass eit strengt regelverk som hindrar vidare utbygging, men sikrar tilgang. Omsynet til tilgang må likevel ikkje gå føre tiltak som er naudsynte for å skjerma sjøfuglbestandane i Indre Oslofjord i hekketida.

SV vil at Oslomarka skal brukast til rekreasjon og friluftsliv, og vi meiner at den berekraftige forvaltingsmodellen for drift i skogane kommunen eig bør utvidast til så store delar av Marka som mogeleg. Mindre område i randsona av Marka, som ikkje kjem i vesentleg konflikt med naturmangfald og friluftsliv, kan tilretteleggjast for organisert idrett. Markarelatert idrett skal prioriterast i desse områda. SV vil kraftig redusera aktivitetssonene som byrådet føreslår innanfor markagrensa.

SV vil arbeida for nasjonalpark med nasjonalparksenter i Østmarka. Her finn vi dei største, gjenverande inngrepsfrie naturområda i låglandet på Austlandet, eit område som til og med husar ein liten ulvebestand. Nasjonalparkstatus vil hindra hogst og vegbygging, men styrkja naturmangfaldet og opplevingane som er knytte til ferdsle, fiske, jakt og idrett som allereie går føre seg.

Oslo har eit stort ansvar for å kutta i utslepp for å nå nasjonale og internasjonale klimamål, samt sikra rein luft til innbyggjarane og redusera støybelastinga. I dag har vi eit byråd som ikkje tar dette ansvaret inn over seg. Biltrafikk vert prioritert på kostnad av kollektivtrafikk, og den raske folkesetnadsveksten fører til at dei grønne lungene og det biologiske mangfaldet i byen er under press.

I Oslo vinterstid er lufta fleire stader svært ureina og fører til alvorlege helseplager og auka dødstal. SV vil prioritera tiltak som raskt fører til eit bilfritt sentrum og eit samanhengande sykkelvegnett. Ein må likevel ta omsyn til funksjonshemma og naudsynt varelevering. Skinnegåande transport skal alltid

prioriterast føre bilar.

SV vil ha utfasing av oljefyrar og gamle bio- og vedomnar i heile byen, og etablera Oslo som den mest energieffektive byen i landet. SV vil realisera ei historisk satsing på energisparing og -effektivisering i bustadmassen i heile byen gjennom klima- og energifondet til kommunen. Etterisolering av bygg, og reintbrennande omnar, vil betra luftkvaliteten monaleg på dei kaldaste vinterdagane.

SV meiner at veksten i bustadbygging aldri skal gå på kostnad av grøntareal, nærmiljø eller biologisk mangfald. Ei tett og godt planlagd byutvikling gjer det enklare å tilretteleggja for eit miljøvennleg samferdsletilbod, og kan vera med på å verna om parkar og Oslomarka. SV vil at breiddene langs dei ti elveleia i byen skal vernast og at bekker som ligg i røyr skal opnast der det er mogeleg. I tillegg vil vi at fleire område rundt elveleia skal tilretteleggjast som rekreasjonsområde. Målet til SV er at heile byen skal ha gjennomgåande grøntdrag, der blant anna leikeskogar og grøne og trygge skulevegar skapar gode lokalsamfunn for born.

SV vil:

- Få vedtatt ein heilskapleg forvaltingsplan for Ekebergsletta med tilgrensande grøntområde som vernar miljø- og kulturmangfaldet i området mot nedbygging og forfall.
- Sikra og vidareutvikla parkane og grøntområda i byen. Når nye reguleringsplanar vert laga og gjennomførte, skal det innarbeidast nye park- og grøntområde.
- Verna alle skogsområde og leikeskogar inne i byen.
- Verna dei gjenverande eventyrskogane i Marka mot hogst i tråd med markalova.
- Etablera naturbasar for barnehagar og skular i Marka.
- Forby nye bustadprosjekt som legg beslag på strandsona.
- Forby alle nye byggjeprojekt som bryt markagrensa.
- Arbeida for at indre delar av Østmarka blir nasjonalpark.
- Oppretthalda kolonihagar, parsellhagar og skulehagar.
- Gå inn for ei historisk satsing på energieffektivisering gjennom klima- og energifondet til kommunen ved å gi støtte til endå fleire tiltak som får ned luftureininga.
- Sikra at alle nye kommunale bygg har plusshus-standard. Kommunale bygg som vert rehabiliterte skal minst ha passivhus-standard.
- Skjerma innbyggjarar nær store vegar mot støy og ureining.
- Påleggja bruk av landstraum for alle større skip i Oslo Hamn.
- Sikra vannkvaliteten i Oslofjorden ved å fjerna all giftureining.
- Kartleggja vegane born bruker når dei ferdast ute, for å kunna sikra skulevegar og leikeområde betre.
- Oppretta eit sams politisk organ mellom Oslo og Akershus for å sikra ei miljøvennleg utvikling av regionen.

## Grøn samferdsle

Utsleppa frå vegtrafikken er den største kjelda til klimagassutslepp og helseskadeleg luftureining i Oslo. Vegar og trafikk genererer i tillegg støy og visuell ureining. Samstundes er vi avhengige av god og effektiv samferdsle i byen for å oppretthalda tenestetilbod og arbeidsliv. Ei tett og god planlagd byutvikling gjer det enklare å tilretteleggja for eit miljøvennleg samferdsletilbod. SV vil arbeida for å flytta transport frå privatbilisme til kollektive løysingar. Vi vil at miljødifferensierte bompengar eller rushtidsavgift vert brukt på innfartsvegar for å redusera bilar og ureining i byen. SV meiner at den som ureiner mest, også må betala mest.

SV vil skrinleggja planane om å utvida E18 vestover for å frigi middel til eit framtidsretta og miljøvennleg kollektivsystem i Oslo. Ny tunnel for t-bane og jarnbane gjennom sentrum er heilt essensielt for å auka frekvens og fart på t-bane og lokaltog.

For å redusera privatbilismen, treng vi ei stor satsing på sykkelvegnett og gangstiar. SV vil ferdigstill hovudvegnettet for sykkel innan 2018 og prioritera vidare utbygging av sykkelvegnettet. Vi vil også gjera prøveordningane med bebuarparkering permanente og auka bruken av ordningane. SV vil, innan kort tid, fjerna privatbilisme frå Oslo sentrum. Som ledd i dette, vil SV ha bilfrie soner, nye sentrumssoner med vegprising og sterkare parkeringsrestriksjonar.

SV vil at utbygginga av kollektive løysingar mellom anna skal finansierast med miljøavgifter på privatbilisme. Slike avgifter vil bidra til at folk vel meir miljøvennlege løysingar.

SV vil styrkja kollektivtransporten i byen ved å samla dei ulike kollektivselskapa kommunen eig. På den måten vil drifta bli meir effektiv, og dei faglege innspela til dei tilsette vil komma samferdsletilbodet i Oslo til gode. SV vil aktivt jobba mot privatisering og oppstyking av samferdslesektoren.

For skular, barnehagar og aktivitetsskulen er utgiftene for å reisa rundt i byen altfor høge. Færre reiser i skule- og barnehagetida fører til færre naturopplevingar og museumsbesøk for borna. SV vil at desse gruppene skal ha rimelegare kollektivtransport enn det dei har i dag.

SV vil:

- Arbeida for miljøprofil på anløpsavgifta i Oslo hamn, samt anna anløpsbetaling og elektrifisering av hamna.
- Leggja til rette for meir gods på sjø og bane.
- Byggja ny tunnel for T-bane og tog gjennom sentrum.
- Forlengja T-banen frå Ellingsrudåsen vidare til A-hus og Lillestrøm.
- Byggja ny T-bane til Fornebu.
- Byggja trikk over Tonsenhagen til Linderud T.
- Etablera fleire tverrgående linjer over Groruddalen og Søndre-Nordstrand.
- Forsera planane Sporveien har for utbygging av metrostasjonar i sentrum.

- Jobba for ein raskare og meir effektiv t-bane med auka fart og sju minuttars rute på samtlege linjer.
- Utvida ordninga med barnerabatt til å gjelda alle dagar.
- Sikra trygge skuleveggar med fartsdempande tiltak og hindra gjennomgåande trafikk ved skular.
- At TT-tenesta (transporttilbod for personar som på grunn av nedsett funksjonsevne eller sjukdom ikkje kan bruka kollektivtransport) skal vera eit offentleg ansvar og forvalta av Ruter utan anbudsutsetjing.
- Etablera fleire ladestasjonar for el-bilar, til dømes i tilknytning til burettslag, parkeringsplassar og andre sentrale område.
- Dempa bilbelastninga i byen ved å oppretta fleire gågater, sykkelveggar, vegar kun for kollektivtransport, personbilfrie soner og soner med vegprising samt innføra sterkare parkeringsrestriksjonar.
- Reservera ein større del av parkeringsplassane til bilkollektiv og el-bilar.
- Frigjera parkeringsplassar for å gi plass til sykkelveggar.
- Arbeida for eigne gater for syklistar inn mot indre by frå omkringliggjande bydelar.
- Utvida bysykkelordninga til heile byen med el-syklar.
- Utarbeida ein fotgjengarstrategi med tiltak for å gjera Oslo til ein betre by for gåande.

## Gode bustadmiljø

SV vil skapa gode bustadmiljø overalt i Oslo, og bidra til å jamna ut sosiale skilnader gjennom byutviklinga. I dag får somme område i byen langt meir ureinande trafikk og belastande verksemd enn andre. SV vil arbeida for løysingar som reduserer miljøpåkjenningane.

Når nye bustadområde skal byggjast, vil SV leggja til rette for at folk skal kunna ha barnehagar og skular i nærleiken, for at det skal vera gode og nære kollektivløysingar og for at alle skal ha god tilgang til natur- og grøntområde.

Målet til SV er at byutviklinga skal komma folk flest til gode. Difor vil vi at det er dei folkevalde som skal styra korleis byen skal sjå ut, veksa og utvikla seg - ikkje marknadskreftene. Byen blir ikkje ein god stad å leva viss kommersielle interesser får fritt spelerom.

I dag er om lag halvparten av dei kommunale bustadene å finna i dei tre bydelane i indre aust. SV meiner at Oslo kommune må ha eit langt betre butilbod til vanskelegstilte enn det kommunen har i dag, og at desse bustadene må spreiaast mykje betre.

SV vil:

- Som eit miljøtiltak leggja delar av E6 under lok og i tunnel.
- Sikra offentleg sjøtilgang når nye område langs fjorden vert bygde ut.



- At like kriterium vert lagde til grunn i Oslo Vest som i Oslo Aust når det gjeld byggjehøgder og tettleik.
- Sikra planane for Tøyen slik at det vert etablert eit samanhengande grønt- og parkdrag over Finnmarksgata og ei ny friluftscene i området.
- Gjera satsingar som den på Tøyen, i Oslo Sør og i Groruddalen til permanente program for å løfta viktige delar av byen.
- Skapa reklamefrie soner ved barnehagar, skular, høgskular og universitet, samt på torg og plassar i byen.
- Leggja betre til rette for gåande, slik at det blir tryggare, trivelegare og enklare å ferdast som fotgjengar i byen.
- Reservera ein større del av parkeringsplassane i sentrum til bilkollektiv.
- At skular og barnehagar i større grad kan brukast på kveldstid og i helgar til lokale kulturaktivitetar.

## Eit breitt idrettstilbod

Idrett og friluftsliv er viktig for folkehelsa, for inkludering og for utfalding. SV vil at det skal vera gøy, lett tilgjengeleg og billigare å driva med idrett i Oslo. Difor vil vi byggja nye idrettsanlegg i takt med innbyggjarveksten.

SV prioriterer breiddeidretten. Tilgangen til fleirbrukshallar og idrettsanlegg er for dårleg. Vi manglar løkker, leikeplassar og skateramper der born og unge kan boltra seg, og Oslo manglar ein skikkeleg ishall.

Alle born skal læra å symja. SV vil at oslobada skal driftast av kommunen og at bada skal vera tilgjengelege for alle innbyggjarane i byen. God symjeopplæring for alle er viktig, og SV vil dei neste fire åra prioritera symjeopplæringa. For mange er manglande symjehallar og prisen til hinder. Difor meiner SV at det må byggjast fleire symjehallar og at prisen på inngangskort må bli lågare.

SV vil leggja til rette for sjølvorganisert idrett, leik og fysisk aktivitet for alle innbyggjarane.

SV vil:

- Rusta opp eksisterande idrettsanlegg og byggja fleire.
- Sørgja for grøn byutvikling med sykkelveggar, badeplassar, løkker, skateparkar og skøytebanar.
- At alle skuleborn skal ha minst 40 timar symjeundervisning, og at alle skular skal ha lett tilgang til svømmehall. Kvar bydel skal ha minst eitt bad.
- At Oslo kommune kjøper attende Sagene bad og opnar det for innbyggjarane i byen.
- At alle bydelar skal ha lokale utlånslager av idretts- og fritidsutstyr.

- Etablere utandørs treningsapparat i parkar.
- Førebyggja og nedkjempa rasisme og diskriminering i idrettsmiljø og jobba for eit idrettstilbod der alle kan delta.
- Byggja om Frognerbadet til heilårsymjing, etablere eit saltvassbad i Oslo samt ha varmtvassbasseng i alle nye bad.
- Byggja nye bad på Rommen/Stovner, Mortensrud og Manglerud, samt rehabilitera Holmlia bad.
- Byggja ny ishall på Jordal

## Ein feministisk by

Oslo skal vera ein by der alle har like mogelegheiter, uavhengig av kjønn, etnisitet eller økonomi. Samfunnet er fortsatt prega av maktskilnader mellom kvinner og menn. Kvinner tener mindre enn menn, eig mindre enn menn, og er underrepresenterte i maktposisjonar. Altfor mange kvinner opplever Oslo som utrygt.

SV er eit feministisk parti, fordi vi ønskjer å gjera noko med den systematiske skeivfordelinga mellom kvinner og menn.

Rimelege offentlege tenester som kollektivtransport, barnehagar, aktivitetsskule og gode heimehjelpenester gjer det mogeleg for kvinner å delta i arbeidslivet og få kvardagane til å hengja saman. Trygge og tilgjengelege hjelpetiltak gjer at kvinner søkjer hjelp mot vald og overgrep. Difor er gode velferdstenester god kvinnepolitikk.

### Oslo som ein feministisk arbeidsgivar

SV vil ha eit likestilt arbeidsliv, med faste, heile stillingar som hovudregel og lik og rettferdig løn for likt arbeid. Som den største arbeidsgivaren i byen, har Oslo kommune eit særskilt ansvar for å fremja likestilling på arbeidsplassen. Oslo kommune har mange kvinnelege tilsette, og difor vil rett til heiltid og høgare løningar i dei låglønte, kvinnedominerte yrka i kommunen vera eit likestillingsløft.

SV vil:

- Bruka kommunale tariffoppgjer til eit likelønsløft for kvinnedominerte yrke.
- At kommunalt tilsette som ønskjer det skal få heiltidsstillingar.
- At kommunen tilbyr kurs som førebyggjer seksuell trakassering på arbeidsplassen.
- Innføra aktiv bruk av kjønnskvotering i kommunen.
- Ha forsøk med sekstimarsdag i kommunen.

- Auka grunnbemanninga innanfor pleie- og omsorgsektoren.

### Kvinnekroppen er ikkje ei vare

Oslo skal vera ein by der ingen kan kjøpa kroppen til andre. SV krev difor ei betre oppfølging av sexkjøpslova. Politiet må jobba tettare med helsearbeidarar, PRO-senteret og krisesenterrørsla for å hjelpa menneske ut av prostitusjon og menneskehandel. Unge jenter vert utsette for eit enormt forventningspress gjennom ein kommersialisert kultur med ekstreme kroppsideal. SV meiner at kommunen aktivt må motarbeida dagens kjøpepress, kroppspress og seksualisering retta mot ungdom. Helsetilbodet for ungdom må styrkast og Oslo skal ikkje vera utstillingslokale for seksualisert reklame.

SV vil:

- Utvikla «exit»-program av høg kvalitet, der dei prostituerte mellom anna får tilbod om avrusing, bustad, norskopplæring, studium og hjelp til å finna anna arbeid.
- Fjerna seksualisert reklame frå det offentlege rommet ved å stilla tydelege krav til kva slags reklame ein tillèt på kommunalt eigde reklameflater.
- Merka reklame med retusjerte modellar i det offentlege rommet.
- Nekta skjenkeløyve til strippeklubbar og topplausserveringar.
- Jobba for å auka kunnskapen om LHBT-personar og skeive i prostitusjon.
- Arbeida for at politiet prioriterer å handheva sexkjøpslova.

### Kamp mot vald og valdtekt

Alle menneske har rett til eit trygt liv utan vald. Kvinner er meir utsette for vald i heimen og i nære relasjonar enn menn. Dei er også meir utsette for seksualisert vald og trakassering i det offentlege rommet. SV vil ha gode hjelpetiltak og førebyggjande tiltak slik at alle kvinner kan leva frie frå psykologisk eller fysisk vald, og vera økonomisk sjølvstendige.

SV vil:

- At seksualundervisninga i skulen skal omhandla kjønn, respekt og lyst, men også maktbalansen i seksuelle relasjonar, grensesetjing og viktigeita av aktivt samtykkje. Helsesyster ved skulane bør involverast i seksualundervisninga.
- At valdtektssaker og partnarvald vert høgare prioritert av politiet. Politiet må trenast opp av helsepersonell for å få betre kunnskap om korleis dei skal møte kvinner som er utsette for vald og valdtekt.
- At politi, rettsvesen, NAV og politikarar aukar kunnskapen sin om vold mot kvinner.
- Ha betre opplyste gater og parker i Oslo.

- Vidareføra og auka støtta til Dixisenteret – ressurscenter for valdtatte, Incest-senteret og krisesentertilbodet.
- At utestader må ha ein godkjent plan for å hindra diskriminering og trakassering for å få lisens.
- At valdsutsette kvinner skal få tilbod om trygge, kommunale overgangsbustader etter eit opphald på krisesenter.
- At det skal gjennomførast kurs i sjølvforsvar for jenter på ungdomsskulane.

## Ein mangfaldig by

Mange opplever rasisme og diskriminering i kvardagen sin. SV kjempar for ein antirasistisk by der det er rom og like mogelegheiter for menneske med ulik etnisk eller religiøs bakgrunn.

Oslo er ein mangfaldig by. Born og unge i Oslo veks i aukande grad opp med fleire språk, og somme av dei har lite kontakt med norsk før skulestart. Evalueringa av forsøksordninga med gratis halvdagsplass i barnehagane viser at born lærer betre norsk, blir meir sosialt kompetente, meir integrerte og greier seg generelt betre på skulen. Difor vil SV utvida ordninga med gratis halvdagsplass til å gjelda fleire born og fleire bydelar.

Samstundes anerkjenner SV at det å vera fleirspråkleg er ein ressurs. Vi treng menneske med fleirspråkleg kompetanse i arbeidslivet, og det er sløsing med ressursar å ikkje vidareutvikla den kunnskapen mange born allereie har.

Ofte er det dei som har mest bruk for eit fritidstilbod, som bruker det minst. Difor vil SV gjera det billigare å bruka idrettstilbod og andre fritidstilbod, og sørgja for at informasjon om desse tilboda blir tilgjengelege i barnehagar og på skular.

For å skapa eit mest mogeleg inkluderande arbeidsliv, må kommunen bruka kvotering for å få med fleire personar med minoritetsbakgrunn inn i kommunen, også i leiarstillingar.

SV vil:

- Sørgja for tilbod om opne barnehagar over hele byen.
- Styrkja kompetansen barneverntenesta har i fleirkulturell forståing, innføra dialogprosjekt mellom innvandrargrupper og barnevernet i bydelane.
- Nedkjempa rasisme og antisemittisme, og fremja toleranse, likestilling og mangfald.
- Leggja til rette for norskopplæringstilbod med barnepass.
- Gi styrkt norskundervisning på skular og barnehagar med behov.

- Styrkja kompetansen til lærarane i norsk som andrespråk.
- Tilby born og unge som ønskjer det morsmålsopplæring på ulike nivå så langt det er praktisk mogeleg.
- Ha universelle velferdstilbod tilpassa behova til ulike grupper av brukarar, også personar med minoritetsbakgrunn.
- Auka talet på tilsette med minoritetsbakgrunn gjennom kvotering i Oslo kommune.
- Innføra anonyme jobbsøknader.
- Støtta frivillige organisasjonar som jobbar med integrering, utøver ulike fleirkulturelle aktivitetar eller jobbar for å inkludera personar med minoritetsbakgrunn.
- Oppretta eit internasjonalt kulturhus.
- At kommunen byggjer ut kvalifiseringstilbod for å få innvandrarkvinner ut i arbeidslivet.
- Styrkja arbeidet mot tvangsekteskap.
- Arbeida aktivt for å førebyggja rekruttering til alle former for valdelege, ekstremistiske miljø og grupper, særleg gjennom skulane og ved å støtta tiltak i regi av frivillige organisasjonar.

## Ein levande kulturby

Eit mangfald av ytringar er sentralt for eit demokrati og eit godt samfunn. Marknaden åleine kan ikkje sørge for dette. Det er ein av dei viktigaste grunnane til at vi har ein offentleg kulturpolitikk. Kulturtilbodet skal eggja fantasien, inspirera, provosera og gi livskvalitet til innbyggjarane i byen. Kultur i ein mangekulturell by handlar også om å skapa møteplassar. God kulturpolitikk er god eldrepolitikk, ungdomspolitik og integreringspolitikk.

Det borgarlege bystyrefleirtalet har over lengre tid vanrøkt ansvaret sitt for kulturlivet. Oslo kommune må ha ein meir aktiv kulturpolitikk. SV vil satsa meir på festivalane, musea, teatera og det frivillige kulturlivet.

I Oslo er kulturskule dårlegere utbygd enn i dei fleste norske kommunar, og kulturtilbodet i bydelane lid under mangeårige kutt. SV vil i perioden særleg prioritera Deichmanske bibliotek og Oslo musikk- og kulturskule.

SV vil:

- Satsa på Deichmanske bibliotek. Eit nytt hovudbibliotek i Bjørvika vil gi eit etterlengta løft, men filialnettlet må bevarast og byggjast ut i takt med at byen veks.

- Ta vare på og styrkja fritidsklubbane, også som eit tilbod til ungdom over 18 år.
- Dobla kapasiteten på Oslo musikk- og kulturskule i løpet av fireårsperioden og ha tilpassa lokale, såkalla kulturstasjonar, i alle bydelar.
- Arbeida for ordningar som gjer at born frå inntektsfattige familiar også får nytta av kulturtilboda i byen på lik linje med andre born.
- Innføra gratis behovsprøvde plassar i kulturskulen og ei gradvis nedtrapping av pris per plass.
- Tilby rimelege lokale, med langsiktige leigekontraktar for profesjonelle kunstnarar, band, korps og annan frivillig kulturaktivitet.
- At kommunen har ein handlingsplan for å styrkja korps, kor og frivillig kulturliv i byen.
- Utvikla ein filmdistribusjonspolitikkk for ikkje-kommersiell film, for eksempel gjennom støtte til filmfestivalar og -klubbar.
- Gi skulane auka middel til å besøkja kulturinstitusjonane i byen.
- Sørgja for at bydelane lagar kulturpolitiske handlingsplanar. Desse må omfatta eit mangfald av kulturtilbod tilpassa innbyggjar- og alderssamansetjinga i kvar bydel.
- Auka støtta til arenaer som formidlar profesjonell kunst, slik som konsertseriar og -scener og teaterscener i det frie scenekunstheltet.
- Byggja eit kulturhus i Søndre Nordstrand.
- Etablera eit akvarium på Fiskevollen.

## Ein tilgjengeleg by

Oslo skal vera ein tilgjengeleg by. I dag er mange skular og offentlege bygg vanskeleg tilgjengelege for folk med funksjonsnedsetjingar. Kollektivtransporten er ikkje godt nok tilrettelagd for rullestolbrukarar og andre med nedsett funksjonsevne.

Difor vil SV sørgja for at tenestetilbod, parkar, kulturtilbod og liknande i byen skal kunna brukast av alle, uavhengig av funksjonsevne.

SV vil:

- At alle nye bustader i Oslo, inkludert studentbustader, skal ha universell utforming.
- At kommunen skal kvotera inn personar med nedsett funksjonsevne til kommunale stillingar.
- At kommunen skal, saman med Ruter og organisasjonane til funksjonshemma, gjera kollektivtransporten meir tilgjengeleg.

- Sikra tilgjengelege barnehagar, skular og andre kommunale bygg.

## Regnbogebyen

Vi lever liva våre i lokalsamfunna våre, og eit lokalt perspektiv på korleis seksuelle minoritetar og kjønnsminoriteter blir møtte i det lokale velferdstilbodet må prioriterast. Særleg viktig er dette i dei tenesteområda som kjem tettast innpå privatlivet til kvar einskildperson, nemlig oppvekst, helse og omsorg.

Skular og lokale utdanningsstyresmakter må prioritera å skapa inkluderande læringsmiljø for alle elevar, studentar og tilsette. Skulen er ein viktig arena for å motarbeida mobbing og vald knytt til seksuell orientering og kjønnsuttrykk.

Lesbiske, homofile, biseksuelle og transpersonar (LHBT-personer) har generelt ein god helsesituasjon som ikkje skil seg i stor grad frå resten av folket. Det å høyra til ein seksuell minoritet eller kjønnsminoritet kan likevel føra til stress og uvisse i møte med helsevesenet. LHBT-personar skal møtast med openheit, respekt og kompetanse som mottakarar av helse- og omsorgstenester i kommunen vår. Eldre som vert innlagde til opphald i institusjon i dag har vakse opp i ei tid med liten aksept for homofili. Å bli møtt med respekt og openheit i ein slik situasjon er svært viktig og er noko som krev merksemd og medvit frå leiinga ved institusjonen.

LHBT-personar med innvandrarbakgrunn opplever ekskludering, og at mange av dei rettane som majoritetsbefolkninga tar for gitt er utanfor rekkjevidde. Mange opplever fleire former for diskriminering. For eksempel kan ei kvinne som er lesbisk og mørk i huda, bli utsett for både rasisme, kjønnsdiskriminering og homofobi. Dette er viktige perspektiv ein må ta med i integreringsarbeidet i kommunen.

SV vil:

- At ein må ta med LHBT-perspektivet i integreringsarbeidet i kommunen.
- Auka kunnskapsnivået om LHBT-helse blant fastlegar.
- Gjennomføra regelbunden kompetanseheving av tilsette i barnehagar og grunnskulen om LHBT-befolkninga.
- At skulebiblioteka i Oslo skal ha eit utval av skeiv litteratur og informasjonsmateriell om LHBT.
- Sikra at alle elevar på grunnskulen får informasjon om LHBT på ein slik måte at dei trygt kan vera opne om seksuell orientering og kjønnsuttrykk.
- At LHBT-organisasjonar må få høve til å driva informasjonarbeid i grunnskulen.

- Leggja til rette for at LHBT-personar også kan leva med den seksuelle identiteten sin i alderdommen sin, på eldresenter, på sjukeheimar og liknande.

## Internasjonal solidaritet

Som ein rik by i eit rikt land må Oslo ta ansvar for vesentleg fleire menneske som er i naud.

Oslo skal vera ein raus og varm storby. Byen har eit mangfald av nasjonalitetar og kulturar, og SV vil at Oslo skal vera eit prov på at migrasjon skapar innovasjon – ein by rikare på kultur og forståing.

Det er også viktig at Oslo er ein etisk aktør som tar omsyn til Den internasjonale arbeidsorganisasjonens (ILO) kjernekonvensjonar, menneskerettane, miljøvennleg og rettferdig handel og boikottar skatteparadis.

SV vil:

- At Oslo kommune aktivt skaffar seg nye samarbeids- og vennsbyar for sams utveksling av idéar og solidaritet. SV vil arbeida for at Jerusalem eller ein annan by i Palestina vert vennsby til Oslo.
- Krevja at leverandørar av varer til Oslo kommune kan garantera at dei ikkje er produserte i okkuperte område i Palestina.
- At Oslo kommune tar imot fleire flyktningar.
- At ordføraren i Oslo sluttar seg til det internasjonale oppropet "Mayors for Peace", som har avskaffing av atomvåpen som mål.
- Ha ein generell etikkplan for offentlege innkjøp av varer, tenester og i arbeidslivet. Planen skal gjelda for alle bydelar.
- At Oslo kommune støttar opp om BDS-konseptet (boikott, deinvestering og sanksjonar) som omfattar selskap som tener på den israelske okkupasjonen av Palestina.

*Omsett av Oslo Mållag*